



TAULSTADSKRIU

Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Bruket Taulstadskriu ligg på solsida like ved Sel grense. Det er nok eit gammalt bruk, men kven som fyrst busette seg her har vi ikkje kunna funne ut, og heller ikkje årstalet då Arne Sagdalen slo seg til her. Han bygde upp dei fleste husa i Skriu, og rydda og dyrka truleg det meste av jordvegen. Han sto i mange år husmann og firikar på Taulstad. Arne Skriu, som han vart kalla i grend, var gift med Ymbjørg, dotter hans Jo Gjende. Det var systerdotter hans, Inga Nysæter, som sist sto for drifta på bruket. Men etter ein del år flytta ho frå, og saman med ei syster bygde ho seg hus på Kongsparten ved Otta og busette seg der.